



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Sekretariatet for Nasjonal Transportplan 2014-2023
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
09/3281- AMF

Dato
16.02.2010

Nasjonal transportplan 2014-2023 - Retningsline 1

Samferdselsdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet gir med dette dei første retningslinene for arbeidet med grunnlagsmateriale til Nasjonal transportplan 2014-2023, jf vedlegg.

Nasjonal transportplan 2010-2019 blei handsama av Stortinget våren 2009. Planen gjeld for 10 år, men skal reviderast kvart 4. år. Regjeringa tek difor sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om Nasjonal transportplan 2010-2019 tidleg i 2013.

Dei retningslinene som no er sendt ut - Retningsline 1 - gjeld for utgreiingsfasen. Retningsliner for planfasen – Retningsline 2 - vil etter planen bli sendt ut i mars 2011.

Samferdselsdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet vil streka under at det er viktig med eit godt samarbeid med lokale og regionale styresmakter slik at det faglege grunnlaget for Stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan blir så godt som mogleg. Dette er ikkje minst viktig etter at fylka frå 1. januar 2010 har fått ansvaret for eit større vegnett.

Samferdselsdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet vil følgje opp arbeidet med Nasjonal transportplan gjennom møta i samordningsgruppa.

Med helsing

Anders Buttedahl
Anders Buttedahl e.f.

Kjell Rosanoff
Kjell Rosanoff

Vedlegg

Kopi med vedlegg til:

Avinor AS

Jernbaneverket

Kystverket

Vegdirektoratet